



Innkalling Kommunestyret

Møtedato: 08.04.2020
Møtested: Teams - elektronisk møte
Møtetid: 15:00 – 16:30

I tillegg til oppsette saker vert det orienteringar:

- Om kva fullmakter formannskapet jobbar etter (ved kommunalsjef Thomas Lindås).
- Om Korona-arbeidet, herunder kva vedtak formannskapet har gjort (ved fleire).

Vidare er planen å setta opp eit nytt møte i kommunestyret litt etter påske, til dømes torsdag 23. april, der ein får sendt ut saker i rett tid og kan ta med alt av meldingar og diverse.

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
022/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
023/20	Godkjenning av møteprotokoll
024/20	Meldingar
024/20.1	Melding til kommunestyret: Formannskapets vedtak om "Forskrift om stenging av campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19"
025/20	Orienteringssak
026/20	Forbod om overnatting i fritidsbustad, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar
027/20	Smittevernplan for Austrheim kommune 2020 - Godkjenning

Austrheim 7. april 2020

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
022/20	Kommunestyret	PS	08.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/323

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
023/20	Kommunestyret	PS	08.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/323

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 13.02.2020

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 13.02.2020
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 18:20 – 21.40

I dette møtet var det orienteringar om:

- Status årsregnskap 2019, ved Olav B. Andersen
- Ny ambulansestasjon
- Valgt løysing for busstransport til Aufera
- Utfyllande infomasjon om planstrategi
- Oversikt over kommunale eigedommar

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Atle Dag Utkilen	BIA	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Anne Dahle Austrheim	KRF
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP
Monika Thorpe	AP
Reidar Øksnes	SP
Rikke Heldal Hope	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Idar Johan Hopland	AP	Varamedlem
Kristian Semmingsen Lerøy	AP	Varamedlem
Hege Ramsland	H	Varamedlem

Toril Lohne Hordvik	KRF	Varamedlem
Gro Kaland	SP	Varamedlem

Desse møte frå administrasjonen:

Avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø Asbjørn Nagell Toft, rektor Årås skule Bodil Boie Brekkan, rektor Kaland barne- og ungdomsskule Eldbjørg Bakke, møtesekretær Ketil Tjore, rådmann Liv Løvvik, kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme, økonomisjef Olav Birger Andersen, sakshandsamar Stein Kåre Løvslett og kommunalsjef service og forvaltning Thomas Lindås.

Austrheim 18. februar 2020

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
001/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/20	Godkjenning av møteprotokoll
003/20	Meldingar
003/20.1	Årsrapport - 2019 - Skatteoppkrevjaren i Austrheim kommune
003/20.2	Informasjon til folkevalde frå Norsk Vann
003/20.3	Perioderapport 2016-2019 Nordhordland Utviklingsselskap IKS
003/20.4	Meld. til k.styre-Avtale om implementeringskostnader for overgang til Alver barnevern
003/20.5	Debatthefta frå KS - Berekraftig velferd, rekruttering og tariffoppgjør
003/20.6	Fråsegn frå Regionrådet i Nordhordland og Nordhordland Næringslag - NOU 2019: «Skattlegging av havbruk»
003/20.7	Møtebok frå representantskapsmøte - IKTNH - 17.01.2020
004/20	Orienteringssak
001/20	Informasjon om framdrift investeringar V/A
005/20	Dagsturhytte i Austrheim kommune
006/20	Saksutgreiing (oppdatert etter høyring) vedkomande flytting av 8. klasse frå Kaland barne- og ungdomsskule til Årås skule hausten 2020
007/20	Fritidskortet
008/20	Auka låneramme for startlån
009/20	Folkevalde sine arbeidsvilkår - justering av satsar
010/20	Vigselsmynde i Austrheim kommune
011/20	Val av forliksråd for Austrheim og Fedje kommunar 2019-2023
012/20	Val av tredje varamedlem - representantskapet i NGIR
013/20	Val av kommunal representant til representantskapet i Stiftinga Kystkultur no!
014/20	Val av medlemmer til eldrerådet 2019-2023
015/20	Val av representantar til råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2019-2023
016/20	Val av medlemmer til sakkunnig nemnd for eigedomsskatt 2019-2023
017/20	Val av medlemmer til felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt 2019-2023
018/20	Val av planutval 2019-2023
019/20	Val av representant til årsmøtet i Gløde 2019-2023
020/20	Val til representantskapet for Interkommunalt arkiv 2019-2023
021/20	Val av utsendingar til eigarmøte og representantskap i Aufera 2019-2023
002/20	Budsjett 2020

001/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

Atle Utkilen (Bygdelista) hadde ein merknad om vedtaket i sak 079/19. Dette er ført under sak 002/20 - godkjenning av møteprotokoll.
Handsaming i kommunestyret:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KS - 001/20 - 13.02.2020 - Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent

002/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

Atle Utkilen (Bygdelista) hadde ein merknad om vedtaket i sak 079/19 (sjå også skriv som ligg ved møteprotokollen).

Dette er frå protokollen for møtet 12.12.19, diskusjon og vedtak:

Kommunestyret - 079/19 - 12.12.2019

KS - behandling:

Avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø Asbjørn Toft orienterte om saka.

- Det er viktig at det kjem innspel på kva planar som skal lagast. Gode planar viktig, til dømes med tanke på å søka midlar, der idrettsplanen kan sikra tippemidlar til idrett, klimaplanen midlar til enøk-tiltak. Nokre planar er kommunen pålagt å laga, andre er viktige for at ein skal få tilskot. Reidar Øksnes (Sp) etterlyste planar i lista:

- Eg saknar ein strategiplan for korleis Austrheim kommune skal jobba vidare aleine, etter at me har sagt nei til å gå saman med andre kommunar. Vidare saknar eg ein plan som seier noko om korleis dette med Nordhordland biosfæreområde påverkar oss i det vidare arbeidet. Og så må ein sjå på at Austrheim ligg midt i eit nytt storfylke, det bør synleggjerast korleis dette påverkar oss.

Reidar Ulvøy (Ap) ba om at det vart laga ein ny klima- og miljøplan.

- Målet må vera at Austrheim kommune berre skal nytta fornybar energi til oppvarming av bygg innan

utgangen av 2025. Alle personbilar og små varebilar som kommunen kjøper i perioden etter 2021, skal vera nullutsleppskøyrety. Nye ladepunkt må etablerast. Klima og miljøplanen skal også innehalda tiltak som sikrar at alle avdelingar i kommunen skal vera sertifiserte «Miljøfyrtårn» innan 2023.

Atle Utkilen (Bygdelista) hadde framlegg til endring av samansettinga av styringsgruppa for arbeidet med planstrategien, slik at alle parti i kommunestyret vert representert i styringsgruppa:

«Formannskapet vedtek at Austrheim kommune sitt arbeid med planstrategi vert starta opp.

Formannskapet og 1 representant frå parti som ikkje er del av formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet.»

Avdelingsleiar Toft kommenterte innspela, og sa at politikarane er suverene i å føreslå kva planar administrasjonen skal laga. Toft sa vidare at det er viktig med god forankring, og at det er OK å ta inn dei partia som ikkje er representerte i formannskapet.

Helge Dyrkolbotn sa at KrF støttar Utkilen sitt framlegg til vedtak om å utvida styringsgruppa, Inger Lise Brekke (H) ba om gruppemøte. Møtet heva 15.27, møtet sett igjen 15.33

Inger Lise Brekke (H) fremja framlegg om at saka vart utsett til det neste møtet i kommunestyret. Per Lerøy (Ap) presiserte at det ein ville ha utsett var val av styringsgruppe for planstrategien.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han ikkje var samd i å utsetja denne delen av saka.

Avdelingsleiar Toft sa at planstrategien skal på høyring, og at val av styringsgruppe ikkje stoppar administrasjonen sitt arbeid med å senda planen ut på høyring.

Per Lerøy (Ap) sa at ein kan vedta å starta arbeidet, men utsetta samansettinga av gruppa. Sa at rådmannen må førebu sak om dette til formannskapet og kommunestyret i 2020, og at det må komma som sak i februar 2020. Rådmann Liv Løvvik sa at så lenge noko anna ikkje er vedteke, så er det formannskapet som er styringsgruppe, slik som sist. Handsaming i kommunestyret:

Atle Utkilen sitt framlegg om at alle parti i kommunestyret bør vera med i styringsgruppa, vart utsett med 10 mot 7 røyster (Høgre og Ap for utsetting, Bygdelista, KrF og Sp mot).

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Formannskapet vedtek at Austrheim kommune sitt arbeid med planstrategi vert starta opp.

Debatt 13. februar 2020:

Atle Utkilen (Bygdelista) argumenterte for at denne saka om planstrategien skulle vore utsett til ein tok stilling til kva samansetting det skal vera i utvalet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein var tydeleg i KS 12.12.19 om at det at ein ikkje var samde i samansettinga av utvalet, ikkje skulle påverka om arbeidet med planstrategien skulle startast opp.

Utkilen sa seg samd i at det ikkje er usemje om starta arbeidet med planstrategien, men at det gjeld samansettinga av utvalet.

Ordførar Lerøy ba om at merknaden frå Utkilen vart notert i protokollen.

Generelt om utsettingsvedtak så sa rådmann Liv Løvvik at det bør presiserast i dei enkelte vedtaka kven som har ansvar for å følgja opp slike utsette saker vidare.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

KS - 002/20 - 13.02.2020 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte er godkjent.

003/20: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 003/20 - 13.02.2020 - Vedtak:

Meldingane vart tekne til orientering

003/20.1: Årsrapport - 2019 - Skatteoppkrevjaren i Austrheim kommune

Rådmannen sitt framlegg:

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

KS - 003/20.1 - 13.02.2020 - Vedtak:

003/20.2: Informasjon til folkevalde frå Norsk Vann

Rådmannen sitt framlegg:

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

KS - 003/20.2 - 13.02.2020 - Vedtak:

003/20.3: Perioderapport 2016-2019 Nordhordland Utviklingselskap IKS

Rådmannen sitt framlegg:

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

KS - 003/20.3 - 13.02.2020 - Vedtak:

003/20.4: Melding til kommunestyret - Avtale om implementeringskostnader for overgang til Alver barnevern

Rådmannen sitt framlegg:

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

KS - 003/20.4 - 13.02.2020 - Vedtak:

003/20.5: Debattheft frå KS - Berekraftig velferd, rekruttering og tariffoppgjør

Rådmannen sitt framlegg:

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

KS - 003/20.5 - 13.02.2020 - Vedtak:

**003/20.6: Fråsegn frå Regionrådet i Nordhordland og Nordhordland Næringslag - NOU
2019: «Skattlegging av havbruk»**

Rådmannen sitt framlegg:

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

KS - 003/20.6 - 13.02.2020 - Vedtak:

003/20.7: Møtebok frå representantskapsmøte - IKTNH - 17.01.2020

Rådmannen sitt framlegg:

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

004/20: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

Det var fleire orienteringssaker:

Økonomisjef Olav Birger Andersen orienterte om status økonomi, herunder årsresultat 2019: - Det skal vera møte med revisjonen fredag 14. februar, der ein skal sjå på tilhøvet mellom drift og investering, og kva utgifter som skal førast som drift og ikkje investering. Det ser per no ut for at kommunen får eit positivt resultat på kring 3,8 millionar kroner for 2019, men dette er med atterhald sidan rekneskapen ikkje er endeleg revidert. I løpet av 14 dagar er tala heilt sikre. Eit overskot på 3,8 millionar er under det som var budsjettert i 2019, men dersom kommunen hadde fått overføringa som var budsjettert med 2,5 millionar frå Mongstad Vekst, så hadde ein klart eit overskot på 6.060.000 kroner slik som opphavleg budsjettert. Personalutgiftene er redusert med 11,5 millionar frå 2018 til 2019, samstundes vert noko av dette no fakturert (Nav), slik at reduksjonen ikkje er fullt så stor. Rådmann Liv Løvvik sa at resultatet viser at dei tilsette har gjort det dei skal, og la til at dersom kommunen hadde fått 2,5 millionar frå Mongstad vekst i 2019, så ville resultatet passert 6,3 millionar. Kommunen har klart å halda fast ved ein del vanskelege og kompliserte val, og gjennomført dei kutta som var bestemte. Løvvik takka alle som har bidratt til å gjennomføra kutt.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at Austrheim har kring 3-5 millionar att i verdiar i selskapet Mongstad Vekst AS, og at dette vil komma Austrheim kommune til gode om ikkje så lang tid. Det kom ikkje midlar derifrå i 2019, mellom anna på grunn av at selskapet prioriterte å jobba med utbygging av Storemyra på Mongstad. Det var også vurdert å la AS Austrheim Næringssselskap gå ut av Mongstad Vekst AS ved å overta eigedommen ved Kjeilekrysset, men dette er ikkje lengre aktuelt. Eigarskapet i Mongstad vekst er elles slik: AS Austrheim Næringssselskap 25 prosent, Lindås Tomteselskap 25 prosent, BKK 50 prosent.

AS Austrheim Næringssselskap har nok att i dette selskapet 3-5 millionar, totalt 15-20 millionar, håpar å få det ut til eigarane i løpet av inneverande år.

Arbeidet med ny ambulansestasjon, Rolf Henning Myrmel frå administrasjonen orienterte: Tilbake i 2016 hadde kommunen og Helse Bergen ein dialog om ny ambulansestasjon, der ein såg på ny plassering. Ei ledig tomt i Sætre marka burettslag vart sett på som gunstig for ein ny ambulansestasjon.

Burettslaget er samd med at dei kan bytta dette med areal på nedsida av vegen.

Helse Bergen såg den gongen behov for ein stasjon som hadde plass til lærling. I februar 2017 vart Link Arkitektur engasjerte for å teikna ein ny stasjon, dei hadde laga andre framlegg for Helse Bergen. Seinare kom ein inn i ein fase der Helse Bergen hadde mindre interesse for dette prosjektet, men så kom den siste planen ved årsskiftet 2018/19 som seier at det skal vera ambulansestasjon i Mastrevik. Etter nok ein runde med utskiftingar i Helse Bergen har dette arbeidet stoppa, men kommunen har sendt oppmoding til Tonny Nybakk i Helse Bergen si ambulanseteneste for å komma i dialog igjen om dette. Dei tillitsvalde mellom ambulansepersonellet er også på saka.

Ordførar Per Lerøy spurte om eit slikt makebytte som nemnt er gjennomført.

Rolf Henning Myrmel svara at makebytte ikkje er gjennomført, men det er ein muntleg avtale om at dette skal gjerast. Det vert bytta mot eit areal på nedsida av vegen, som er avsett til omsorgsbustader. Sist var det bygd ein stasjon heilt etter Helse Bergen sine spesifikasjonar (ligg bak kommunehuset). No vil ein bygga ein stasjon som kan brukast også til andre føremål, dersom Helse Bergen skulle trekka seg ut. Stasjonen treng større plass for å gjennomføra vaktskifte, og ha plass til lærling. Atle Utkilen (Bygdelista) spurte kvifor stasjonen er plassert i eit bustadfelt, med tanke på støy og liknande.

Rolf Henning Myrmel svara at ambulansen uansett ikkje brukar lys eller sirene før ein kjem i hovudvegen, i tillegg til at dette er eit bygg som kommunen kan bruka seinare.

Ordførar Per Lerøy (Ap) peika på at bygget kjem tett på legekontor, Nordliheimen, Vestlia og i eit felt med omsorgsbustader, og at det er gode grunnar for ei slik plassering. Stasjonen får plass til to tilsette og lærling, og dei tilsette vil ikkje vera «på utstilling» slik som i dag. Det har til tider vore krevjande å få folk til å ta vakter her i Mastrevik. I tillegg vil den nye stasjonen ha plass i garasjen til reinhald av ambulansen utan å ta den ut.

Rolf Henning Myrmel sa at tanken er å få eit bygg der dei ambulansetilsette vil trivast.

Gro Kaland (Sp) spurte om det vil vera slik at kommunen bygger og Helse Bergen leiger, og kva kostnad det er tale om.

Rolf Henning Myrmel stadfesta at Helse Bergen vil leiga av kommunen, til sjølvkostpris.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at så lenge ein får leigd ut bygget så er det ok å låna til finansieringa, jamfør at Austrheim er Robek-kommune og må ha Fylkesmannen si godkjenning for investeringar.

Rådmann Liv Løvvik sa at dette er tenkt som eit fleirbruksbygg som kan brukast av fleire.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte kva som er krav til responstid for ambulansen.

Rolf Henning Myrmel svara at det berre er brannvesenet som har slike krav, medan det for ambulanse er krav om å nå ein viss del av folket innan ei viss tid.

Helge Dyrkolbotn (KrF) rosa administrasjonen for at dei har halde denne saka varm, og sa at det er viktig å få ambulansestasjonen på plass i nye og betre lokale.

Per Lerøy (Ap) sa at kommunen har saka på agendaen, men om leigetakar Helse Bergen ikkje vil ha ny ambulansestasjon så kan ikkje kommunen dytta det på dei.

Kommunalsjef helse og omsorg, Monika Kvamme, orienterte om busstransport til Aufera.

Dette vart frå nyttår ikkje gjort med minibuss som tidlegare, men med ein bil som er kjøpt inn til dagavdelinga. I tillegg til denne må ein fleire dagar i veka kjøra ein ekstra bil fredag. Transporten vert på morgonen kjørt av vaktmeisterpersonale som startar tidlegare enn vanleg, og på ettermiddag tilsette ved Vestlia. Ein tek i dag ressursar frå andre oppgåver for å løysa denne transporten.

Monika Kvamme og ordførar Per Lerøy har vore i dialog med Aufera, og ser på om ein gjer tilpassingar for å få til transporten med berre ein bil. Aufera er i ferd med å flytta til Manger Sentrum, det gjer det lettare å bruka buss.

Rolf Henning Myrmel sa at ein ikkje har komme i mål med å klara seg med berre ein bil til denne transporten. Per i dag er kostnaden med denne løysinga rundt 38.000 i månaden, i tillegg til at ein har mindre ressursar i Vestlia og uteetaten når desse er ute for å kjøra folk. I løpet av eit år kostar denne transporten kring 430.000 kroner. I tillegg må ein ha med seg at den bilen som går som nummer to er å rekna som utrangert, og det er berre eit spørsmål om tid før den må erstattast av eit anna kjøretøy. Elles fungerer transporten greitt for brukarane, ein får greie tilbakemeldingar frå dei.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at transporten no vel er rimelegare enn tidlegare.

Rolf Henning Myrmel svara at det både er ei innsparing etter at ein kutta minibussen, og større fleksibilitet sidan ein på slutten berre hadde ein som kjørte denne minibussen.

Rådmann Liv Løvvik sa at kommunestyret må vera merksam på ei handfull brukarar her har eit tilbod som ikkje er lovpålagt, til nesten ein halv million kroner, noko som ein ikkje ser i andre kommunar. Skulle gjerne hatt større fleksibilitet frå brukarane for å spara dobbel transport enkelte dagar. Det er ei veldig generøs ordning, og ikkje eit rettighetskrav, så denne diskusjonen må gå vidare.

Atle Utkilen (Bygdelista) sa at slik han hadde oppfatta brukarane så har dei ikkje vore i dialog på forkant av endringa av transporten. - Dei er på ein arbeidsplass, men treng denne transporten for å fungera.

Rådmann Løvvik svarta at dersom ein kunne reist med buss på morgonen når det går buss direkte, og kommunen hadde henta, så ville det frigjort midlar som ein kunne brukt på andre. Om brukarane klarer å ta buss elles, må dei også klara det i det daglege. Det å kunna reisa aleine er også ein fridom. Kommunalsjef Monika Kvamme sa at ein har finansiert bilen med bruk av fond og midlar sett av til bil til heimetenesta. Det er lovpålagt no med dagavdeling, og bilen er kjøpt til det formålet. Vidare sa Kvamme at kommunen har vore i dialog med dei pårørande om transporten (svar til Utkilen). Reidar Ulvøy (Ap) sa at ein var samde sist om å finna ei løysing, det har me gjort, og så må ein jobba vidare med optimalisera løysinga.

Ordførar Lerøy (AP) sa at ein også må jobba vidare med Skyss for å få betre bussruter på dette strekket.

Sakshandsamar Asbjørn Toft orienterte om arbeidet med planstrategi, og gjekk gjennom status på planar som er gjeldande, som det vert jobba med, og som det skal jobbast med i framtida (presentasjonen ligg ved møteboka). Toft sa at det er viktig at planane er på plass for å kunna få midlar til ulike prosjekt, og for det nye kommunestyret er det slik at det skal vera ein planstrategi klar innan det første året av perioden.

Ordførar Per Lerøy sa at fristen for å komma med innspel til planstrategien vert sett til JONSOK 2020. Som Toft viste Lerøy til at med planar klare har Austrheim fått midlar, mellom anna trafikksikringsmidlar. – Austrheim har fått midlar som andre kommunar ikkje har klart å bruka opp, på grunn av at dei ikkje har hatt planar klare. Elles ser ein interesse for etablering av bustader i areal som kommunen regulerer og klargjer. Det er lurt å jobba med planar, også i periodar der kommunen har lite midlar.

Rådmann Liv Løvvik sa at det er ryddige planar som gjer at Austrheim kan fullføra det arbeidet ein er i gang med Kaland, med gangveg og hjartesone.

Gro Kaland (Sp) sa om arbeidet på Kaland at det er sørgjeleg at gangvegen stoppar der den gjer, burde gått heilt opp til hovudvegen på Mongstad-sida. Det vil gå nokre år før det kjem ny barnehage og veg til denne, og enn så lenge må ein gå i grøfta langs vegen. (Det er planlagt ny veg direkte frå kryss fylkesveg 57/fylkesveg 565, men dette er ikkje tidfesta)

Ordførar Per Lerøy (Ap) svarta at for strekket frå Kaland skule mot fylkesveg 57-krysset på Mongstad sida så er kostnadsestimat i trafikksikringsplanen ganske formidabelt. Og den langsiktige planen er uansett å bygga ein ny veg med g/s – fortau attmed. Lerøy sa at han håpar og tru at ein kan starta med ny veg Kaland kryss - Leirvågkrysset ganske snart, også før det skal byggast ny barnehage på Kaland. - Denne vegen står høgt oppe på prioriteringslista.

Kommunalsjef service og forvaltning, Thomas Lindås, orienterte om prosjektet «Strategisk eigedomsforvaltning», herunder mogleg sal av kommunale eigedommar. Rapporten vart delt ut (den ligg ved møteboka).

Rådmann Liv Løvvik presiserte at Fylkesmannen har sett krav om å selja eigedommar for å investera, pga. at Austrheim ligg 30 millionar i overkant av gjeldsgraden (snitt) for andre kommunar i kommunegruppe 2. Løvvik viste til at formannskapet er orientert om at det er næringsinteresser som ser på Austrheim med tanke på lokalisering, og at det då er viktig å ha areal klare for sal, som er ferdig regulert.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at kommunane Alver og Austrheim, og næringslaget, har hatt besøk av Invest in Norway. Dei vart overraska over kva areal som er tilgjengeleg kring Mongstad, og kva breidde i miljøet og kompetanse det er der.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for å ta orienteringane til vitande.

Orienteringane vart teke til vitande.

001/20: Informasjon om framdrift investeringar V/A

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre tek orienteringa til vitande.

Austrheim kommunestyre tek orienteringa til vitande.

Så snart ein tidsplan er investeringane innan V/A er klar, så må ein komma tilbake til kommunestyret med dette.

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

Vidare orientering undervegs foreslått av: Per Lerøy

Austrheim kommunestyre tek orienteringa til vitande.

Så snart ein tidsplan er investeringane innan V/A er klar, så må ein komma tilbake til kommunestyret med dette.

Sakshandsamar Rolf Henning Myrmel orienterte om framdrift for investeringar innan V/A.
(presentasjonen ligg ved møteboka)

- Kommunen jobbar ut frå hovudplan vatn og den ROS-en som ein har, og VA-norm som er styrande.
- Det er utstyr for overvaking av vatnet på plass på Litlås og Årås, skal ha fleire på strekket mellom desse. Dette er digitale målarar slik at ein får varsel på telefonen om det skjer noko.
- Har ei Ros-analyse frå 2018, den er ikkje gammal men skal oppdaterast no, dette er høgaktuelt etter det som skjedde på Askøy. Oppdateringa skal vera ein skikkeleg gjennomgang.
- Det er engasjert firma for anbod på konsulenttenester, det skal komma på Doffin-basen no 14. februar, med avklaring til påske.
- For investeringane er det best økonomi i å ta sjøleidningane parallelt. Vidare må ein gjera tiltak for å få avløp ut av indre basseng, ligg i korta at det kjem noko miljøkrav her for å få dette ut av indre basseng.
- Etter at desse prosjekta er ferdige, når ein har fått ringvassleidning og dobla tilføringa til vasstårnet på Årås, så er det vatn til Førland som står for tur.
- Ringvassleidning til vasstårnet vil gje betre løysing for reservevatn. Kommunen har Rasmusvatnet som krisevatn, men det heldt ikkje drikkevasskvalitet og det vil vera store ulemper å ta det inn på drikkevassnettet.
- Ein håpar at ein kan komma i mål med ringleidning i Nordhordland, ved ei påkopling frå Radøy-sida mot Austrheim.
- Kommunen skal laga ny prøvetakingsplan som er godkjent av Mattilsynet. Det som det er litt usikkert er korleis ein skal lesa avtalen med Alver om reservevassforsyning (Austrheim får vatnet frå Alver sitt anlegg på Litlås).

Atle Utkilen (Bygdelista) spurte kvar tala i V/A-planen er henta frå.

Myrmel svara at tala i hovudplanen er gamle. Noko av endringane skuldast ein annan trasé enn det som låg inne før, prøver å ta vatn og avløp i same grøfta for ein del av dette.

Rådmann Liv Løvvik sa at det er ein del usikre tal, men kommunestyret ønskte ei slik førebels løypemelding. Får anten gjort meir eller mindre i den kommande perioden.
Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at kommunestyret 12.12.19 ønskte ein slik gjennomgang for å sjå om ein kunne komma i gang med investeringar. Lerøy la til at så snart ein tidsplan for investeringane er klar, så må ein komma tilbake til kommunestyret med dette.
Gro Kaland (Sp) spurte om prosjektet med vatn Kaland, der dette hang saman med utbygging av omsorgsbustader.

Rolf Henning Myrmel svara at prosjektet med omsorgsbustader er utsett til 2022, så dette er ikkje med i planen no.

Gro Kaland (Sp) spurte om det er mogleg å komma i gang tidlegare?

Ordførar Per Lerøy svara at dersom ein privat utbygger i nærleiken har overskot av stein, kan ein få ei ordning med å få steinmassar til å masseutskifta der omsorgsbustader på Kaland er planlagt (det er mykje jord på det aktuelle arealet).

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak med presisering frå Per Lerøy:

Austrheim kommunestyre tek orienteringa til vitande.

Så snart ein tidsplan er investeringane innan V/A er klar, så må ein komma tilbake til kommunestyret med dette.

KS - 001/20 - 13.02.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre tek orienteringa til vitande.

Så snart ein tidsplan er investeringane innan V/A er klar, så må ein komma tilbake til kommunestyret med dette.

005/20: Dagsturhytte i Austrheim kommune

Rådmannen sitt framlegg:

1. Austrheim kommune vil søkje Vestland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sitt prosjekt om tilskot på kr 300 000 til etablering av Dagsturhytte.
2. Etablering av Dagsturhytte med opsjon på sanitæranlegg, vil verta innarbeid som tiltak i prioritert handlingsprogram i **Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv** i 2020. Kommunen skal søkje om tilskot frå spelemidlane i 2021.
3. Forslag på samarbeidsavtale om tilsyn på Dagsturhytta, skal følgje sak om plassering av hytta. Sak skal fremjast i 2020. Stader der det er eit lag eller fleire lag vil påta seg drift av hytta, vil bli vedlagt i vurdering av endeleg plassering. I tillegg må avtale med grunneigarar om område for plassering av hytta og parkeringstilhøve der turane startar til dagsturhytta vektleggast.
4. Sak om lokalisering skal innehalde budsjett, finansieringsplan og vedtak for dette. Signering av kontrakt som er utarbeida av Vestland fylkeskommune kan gjerast når det formelle er på plass.

13.02.2020 FORMANNSKAPET

Sakshandsamar Asbjørn Toft orienterte om saka. Alle kommunar i Sogn og Fjordane har fått si

dagsturhytte, no er det tidlegare Hordaland sin tur. Dette skjer gjennom eit spleiselag mellom fylkeskommunen, kommunane, spelemidlar og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Når ein tek med at kommunen får tilbake MVA så vert den kommunale eigendelen på rundt 150.000 kroner, dersom ein kan stilla fri grunn til hytta. Kan også komma heilt ned i null med vidare spleiselag og dugnadsinnsats. For å få opp hytta i år er det "førstemann til mølla", evt. vert hytta bygd seinare år. Tilbakemeldinga frå fylket sin prosjektleiar er at ein set pris på å komma raskt i gang, og at det er ønskeleg med ein parallell prosess for kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Vaksdal. Med positivt vedtak frå politikarane så kan ein senda søknad raskt og få hytta på plass no i 2020. Hyttene vil komma i 2020, 2021 og 2022 rundt i Hordaland.

Dagsturhytta skal ligga 500-3.000 meter frå veg. Aktuelle plassar i Austrheim er i 1-3 kilometer avstand frå Mastrevik, Kaland, Nordre Fønnesvågen eller liknande (mogleg å gå heimanfrå til hytta). Austrheim kommune har alt ein avtale med Markhus om ei hytte på Vardetangen, om dette ikkje vert realisert så kan ein plassera dagsturhytta der, grunnen er kommunal og det er ferdig planert.

Vardetangen har universell tilkomst fram (dette er ikkje eit krav), og det er skule og barnehage i nærleiken. Vidare er det parkering tilgjengeleg, og det er ganske lett å etablere toalett, anten i nærleiken av kaien til snøggåten, eller i nærleiken av varden.

Morten Sognnes (H) spurde om formannskapet skal ta stilling til plassering i dette møtet.

Sakshandsamar Toft svara at plasseringa ikkje skal avgjerast før seinare.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein bør purra på Markhus. Kan Austrheim få to hytter er det bra, elles vil me ha denne dagsturhytta plassert på Vardetangen.

Sakshandsamar Toft sa at mange vil besøka kvar hytte når dei er på plass, slik at det dreg ein del folk. Det

Morten Sognnes (H) sa at det ville vera bra med hytte på Vardetangen, og toalett på hurtigbåtkaien, så ville ein også ha eit tilbod til dei reisande med hurtigbåten.

Per Lerøy (Ap) sa at med eit evt. toalett på hurtigbåtkaien, og det eksisterande i Årvika, så har ein to alternativ for ei hytte på Vardetangen.

Inger Lise Brekke (H) sa at hytta kan brukast til å knyta saman fleire aktivitetar. Vardetangen ligg nær Kaland barne- og ungdomsskule, i Seteneset er det nært skule og også nært barnehage.

Per Lerøy (Ap) sa at for stien i Seteneset er det laga ein plan for å unngå konflikt med dyr på beite.

Når det gjeld ei plassering på Vardetangen kan ein gå frå Kaland skule og dit utan å kryssa vegen, når den nye gangbrua på Kaland kjem på plass.

Inger Lise Brekke (H) sa at det ville vera bra om ein kunne få hytte frå Markhus på Vardetangen, og i tillegg ei dagsturhytte i Setenesmarka.

Sakshandsamar Toft sa at kommunen også tenkjer på Setenesmarka, ein har parkering og toalett tilgjengeleg ved Mastrevik Torg, men må ha avtale med grunneigar. Andre aktuelle plasseringar kan vera Øksnesmarka, Hoplandsmarka, Litlås fjellet og andre.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det vert viktig å sjå på korleis ein skal drifta denne hytta. Kven tek jobben med å sjå etter den?

Inger Lise Brekke (H) oppfordra til å sjå ting i samanheng, kanskje kan Grønt arbeid halda ei slik hytte ved like?

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 015/20 - 13.02.2020 - Vedtak:

1. Austrheim kommune vil søkje Vestland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sitt prosjekt om tilskot på kr 300 000 til etablering av Dagsturhytte.
2. Etablering av Dagsturhytte med opsjon på sanitæranlegg, vil verta innarbeid som tiltak i prioritert handlingsprogram i **Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i 2020**. Kommunen skal søkje om tilskot frå spelemidlane i 2021.
3. Forslag på samarbeidsavtale om tilsyn på Dagsturhytta, skal følgje sak om plassering av hytta. Sak skal fremjast i 2020. Stader der det er eit lag eller fleire lag vil påta seg drift av hytta, vil bli vedlagt i vurdering av endeleg plassering. I tillegg må avtale med grunneigarar

om område for plassering av hytta og parkeringstilhøve der turane startar til dagsturhytta vektleggast.

4. Sak om lokalisering skal innehalde budsjett, finansieringsplan og vedtak for dette. Signering av kontrakt som er utarbeida av Vestland fylkeskommune kan gjerast når det formelle er på plass.

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

Asbjørn Toft orienterte om saka (sjå orientering til formannskapet 13.02.20, og vedlegg til møteboka). Toft sa at det er no spørsmål om å søka eller ikkje, lokaliseringa tar ein stilling til seinare.

Atle Utkilen (Bygdelista) spurte om det er sagt noko om lokalisering, har Vardetangen prioritet nummer ein?

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han les framlegget slik at ein kjem tilbake til dette med lokalisering. Dyrkolbotn la til at folkehelseperspektivet er viktig, ein bør gjerne gå eit stykke for å komma fram til hytta, og det bør vera mogleg å kombinera det med skule/barnehage. Vidare oppfordra han til å jobba grundig med korleis ein skal drifta ei hytte som dette, men først må administrasjonen jobba med få inn søknad.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) sa det er veldig bra at det kjem ei slik dagsturhytte i Austrheim.

Asbjørn Toft sa at kommunen har purra Markhus om dette med ei gåve av dagsturhytte/utestove til Vardetangen, og det er sett frist for å svara. Vardetangen er eit veldig fint turområde, og er den staden som har desidert flest besøk i dag av gåande. Svarer Markhus positivt, så kan kommunen få to hytter, både på Vardetangen og ein annan stad.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 005/20 - 13.02.2020 - Vedtak:

1. Austrheim kommune vil søkje Vestland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sitt prosjekt om tilskot på kr 300 000 til etablering av Dagsturhytte.
2. Etablering av Dagsturhytte med opsjon på sanitæranlegg, vil verta innarbeid som tiltak i prioritert handlingsprogram i **Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv** i 2020. Kommunen skal søkje om tilskot frå spelemidlane i 2021.
3. Forslag på samarbeidsavtale om tilsyn på Dagsturhytta, skal følgje sak om plassering av hytta. Sak skal fremjast i 2020. Stader der det er eit lag eller fleire lag vil påta seg drift av hytta, vil bli vedlagt i vurdering av endeleg plassering. I tillegg må avtale med grunneigarar om område for plassering av hytta og parkeringstilhøve der turane startar til dagsturhytta vektleggast.
4. Sak om lokalisering skal innehalde budsjett, finansieringsplan og vedtak for dette. Signering av kontrakt som er utarbeida av Vestland fylkeskommune kan gjerast når det formelle er på plass.

006/20: Saksutgreiing (oppdatert etter høyring) vedkomande flytting av 8. klasse frå Kaland barne- og ungdomsskule til Årås skule hausten 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Med bakgrunn i den saksutgreiinga som låg til grunn for høyringa og resultatet av høyringsuttalene, tilrår rådmannen at komande 8. klasse ved Kaland barne- og

ungdomsskule vert slått saman skuleåret 2020 på Årås skule av pedagogiske grunnar.

13.02.2020 FORMANNSKAPET

Rektor ved Årås skule/skulefagleg ansvarleg Bodil Boie Brekkan gjekk gjennom ein presentasjon om saka (ligg ved møteboka). Brekkan viste til at det er særst få ungdomsskular i landet som vert drivne etter fådeltprinsippet, og sa at det er gode grunnar til dette. Å driva fådelt skule for 8. og 9. klasse på Kaland barne- og ungdomsskule vil gå ut over tilbodet til 8. klasse.

Helge Dyrkolbotn (KrF): - Takk til rådmannen for ryddig ein gjennomgang. Eg trur ein skal vera veldig observant på dette med læringskultur. Samstundes må ein ha ekstra fokus på at dette er ei viktig sak for både born, foreldre og besteforeldre. Dyrkolbotn la til at ein bør nytta seg av ungdomsrådet sitt tilbod om støtte.

Morten Sognnes (H) sa at dersom politikarane vedtek dette, så flyttar ein elevane uansett kor trygge dei er.

Rådmann Liv Løvvik sa at det alltid vert utvist skjønner når det gjeld born med særskilte behov. I slike saker strekker kommunen seg langt, og det er ikkje tvil om at borna vert teke godt vare på. Vidare: Opplever at ungdomsrådet har ei offensiv rolle med å på seg å hjelpe i samband med ei flytting.

Ordførar Per Lerøy takka for ei god orientering, og la til at den vidare diskusjonen tek ein i kommunestyret.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 017/20 - 13.02.2020 - Vedtak:

Med bakgrunn i den saksutgreinga som låg til grunn for høyringa og resultatet av høyringsuttalene, tilrår formannskapet at komande 8. klasse ved Kaland barne- og ungdomsskule vert slått saman skuleåret 2020 på Årås skule av pedagogiske grunnar.

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

Rektor ved Årås skule/skulefagleg ansvarleg Bodil Boie Brekkan gjekk gjennom ein presentasjon om saka (ligg ved møteboka).

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at det kommunestyret skal ta stilling til er å samla 8. klasse ved Kaland barne- og ungdomsskule med 9. klasse same stad, eller med 8. klasse på Årås. Brekke viste til at Austrheim Høgre har programfesta at ein skal slå saman ungdomsskulane, men no er det berre dette årstrinnet det er tale om. – Det er bra at me fekk høyringsuttalane med oss i denne saka. Det er utruleg viktig at elevane får den kompetansen dei må ha for å komma vidare til vidaregåande skule. Ein må hugsa på at elevane frå Åsheim-krinsen vert teke i vare på same måte som våre, skal vera ønskte på same måte. Støttar rådmannens framlegg.

Rådmann Liv Løvvik viste til drøftingar med Alver kommune, som også skal sjå på skulestrukturen. Austrheim har presisert at ein gjerne vil ha Åsheim-elevane på Kaland. Har sagt at me kan gå ned til 50.000 i året per elev i kostnad, heller enn 100.000 som var sagt tidlegare. Det siste frå Alver er at dei vil ha ein eittårig avtale fram til dei ser strukturen for sine eigne skular.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er bra at ein har komme så langt. Skulle gjerne ha samla heile ungdomstrinnet, ei sak som har vore debattert opp, ned, fram og tilbake. No gjer me dette som eit

uavhengig tiltak, her gjer me vedtak for eitt år, men legg til grunn at intensjonen er at ein slår saman ungdomstrinna frå 2021. Det var bra at ein venta med saka til høyringsuttalane var klare, positivt med ungdomsrådet som vil rista desse ungdommane godt saman. No må ein ivareta elevane og foreldre på ein god måte, det har vore mykje usemje og styr, og det er viktig med ei god mottaking. Trur det kan bli veldig bra for ungdommane våre.

Morten Sognnes (H) etterlyste valet om å flytta elevane frå Årås til Kaland, ein ville lettare klart å halda på ungdommane frå Åsheim-krinsen med eit slikt alternativ. No risikerer ein å missa Åsheim-elevane også seinare, som elevane ved Austrheim vidaregåande. Håpar at det ikkje vert for store ringverknader av dette vedtaket.

Rådmann Liv Løvvik sa at Austrheim skal ta vare på alle elevane. Dette vert oppgåve nummer ein for den nye oppvekst- og kulturleiaren: Å sjå på felles ungdomsskule i Austrheim. Han kan gå inn uhilda i denne oppgåva, med eit kunnskapsrikt blikk. Løvvik viste elles til rettleiar Asbjørn Skår i Utdanningsdirektoratet, som er tydeleg på at det rette er å gå i si eiga årsgruppe. Når det gjeld Åsheim må ein avventa Alver kommune, men hugs at departementet har sagt at nærskuleprinsippet ligg fast, desse elevane vil ha rett til å gå på sin nærskule.

Gro Kaland (Sp) sa at partiet vil støtta rådmannen, men sjølv vil ho gå mot. Er redd for at ein øydelegg grunnlaget for barneskulen også, at Åsheim-elevane vil venda seg mot Lindås. Det kan øydelegga det gode miljøet ein har med Kaland, Kjeilen og nordre del av Lindås.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg vedteke med 15 mot 2 røyster (mot Randi Keilegavlen Dyrøy, KrF, og Gro Kaland, Sp)

KS - 006/20 - 13.02.2020 - Vedtak:

Med bakgrunn i den saksutgreiinga som låg til grunn for høyringa og resultatet av høyringsuttalane, tilrår rådmannen at komande 8. klasse ved Kaland barne- og ungdomsskule vert slått saman skuleåret 2020 på Årås skule av pedagogiske grunnar.

007/20: Fritidskortet

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune søker Bufdir om tilskot for å ta del i forsøk med fritidskort for haust 2020 og vår 2021

13.02.2020 FORMANNSKAPET

Helge Dyrkolbotn (KrF): - Eg ser at det kan bli vanskeleg å halda fram når forsøksperioden går ut, men me kan ikkje seia nei, og må berre søka om å få vera med.

Rådmann Liv Løvvik sa at ordninga med fritidskort skal vera universell. Etter utløpet av prøveperioden så må ein eventuelt behovsprøva det. Austrheim har 22 born som er under grensa for fattigdom, og dei skal kommunen klara å hjelpa uansett.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 016/20 - 13.02.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune søker Bufdir om tilskot for å ta del i forsøk med fritidskort for haust 2020 og vår 2021.

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

Gro Kaland (Sp) spurte om Austrheim har 418 barn i målgruppa låginntektsfamiliar.

Rådmann Liv Løvvik svarta at det her vert laga ei løysing med fritidskort for alle born. Om det så viser seg at det ikkje kjem vidare støtte i år to, så må ordninga verta behovsprøvd. I dnene omgang gjeld det at administrasjonen må ha kommunestyrets godkjenning til å søka.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 007/20 - 13.02.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune søker Bufdir om tilskot for å ta del i forsøk med fritidskort for haust 2020 og vår 2021.

008/20: Auka låneramme for startlån

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet/kommunestyret godkjenner at det for 2020 er tatt opp 2,5 millionar kroner i nye midlar til startlånsordninga.

For startlån i 2021 og vidare skal låneramma til startlånsordninga vurderast i samband med årsbudsjettet og økonomiplanen, og innarbeidast i desse.

13.02.2020 FORMANNSKAPET

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette er ei positiv sak. Startlånsordninga er viktig for mange familiar som slik kan få hjelp til å få eigen bustad, og klara seg økonomisk betre enn som leigetakarar. I Austrheim er det ganske høge leigekostnader, men ikkje så dyrt å kjøpa bustad. Tap på startlån er elles lite, på landsbasis 0,008 prosent av porteføljen.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 018/20 - 13.02.2020 - Vedtak:

Formannskapet rår til at kommunestyret godkjenner at det for 2020 er tatt opp 2,5 millionar kroner i nye midlar til startlånsordninga.

For startlån i 2021 og vidare skal låneramma til startlånsordninga vurderast i samband med årsbudsjettet og økonomiplanen, og innarbeidast i desse.

13.02.2020 KOMMUNESTYRET

Ordfører Per Lerøy presenterte saka.

- Det har komme oppmoding frå Husbanken om at kommunane skal bli meir aktive på startlån. Det er rimelegare å eiga enn leiga, særleg i Austrheim her som det er firma som konkurrerer om dei leigebustadene som finnest. Startlån kan gje betre levekår for barnefamiljar, ved at dei kan bu rimelegare. Økonomisjef Olav Andersen har vore i kontakt med Fylkesmannen, som er positive til at kommunen skal utvida denne låneramma. Startlånsordninga har elles låge tap, 0,008 prosent på landsbasis.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 008/20 - 13.02.2020 - Vedtak:

Formannskapet/kommunestyret godkjenner at det for 2020 er tatt opp 2,5 millionar kroner i nye midlar til startlånsordninga.

For startlån i 2021 og vidare skal låneramma til startlånsordninga vurderast i samband med årsbudsjettet og økonomiplanen, og innarbeidast i desse.

009/20: Folkevalde sine arbeidsvilkår - justering av satsar

Rådmannen sitt framlegg:

1. Godtgjersle for medlemmer i kommunale nemnder vert endra gradvis gjennom inneverande kommunestyreperiode slik:

Gruppe	2019	2020	2021	2022	2023
Gruppe I	500	600	800	1000	1200
Gruppe II	400	500	600	700	800
Gruppe III	250	300	350	450	500
